



# Vintersolkverv



Vintersolkverv er dagen der perioden med dagslys er kortast. På den nordlege halvkula er det vintersolkverv 21. eller 22. desember, og etter den dagen vert perioden med dagslys lengre for kvar dag. I mange kulturar er det vanleg å feire vintersolkverv for å markere at det går mot lysare tider.

Vinter kan vere hutredagar med kulde som svir i kinna, gnistrande vintersol og kalde hender rundt ein varm kopp. Vinteren kan vere ei tid for ro, for å hente seg inn, trekke pusten. Kvardagane kan verke kortare, men dei kan fyllast med det som er godt. Kva er dine vintergleder? Ta eit digitalt bilete av deg i vinteren. Skriv 5–10 korte setningar, på papir eller digitalt (til dømes i Book Creator), om kvardagsgleder for deg når det er vinter. Del med klassen, gjerne i form av ei utstilling eller framlegg. Gjer deg flid.

Vinterkvardagsgleder kan vere:

- Ei kjensle av at kvelden er lang og roleg. Hei, sofa – med godt samvit!
- Å lese bøker. Å spele spel. Saman. Eller aleine.
- Å strikke.
- Å bake.
- Å fiske.
- Ei kjensle av ein ny start ved nytt år.
- Å sjå snøen eller regnet falle frå lyset av gatelyktene.
- Å ligge under dyna og høyre på vinterstormane.
- Å vakne til den første snøen. Å springe ut og fange snøstjerner med tunga.
- Lyden av fyr i omnen eller peisen. Ei kjensle av varme i huset.
- Å sjå på stjernehimlen.
- Å høyre at det knasar når ein går på iskald vintersnø.
- Varme ullsokkar.
- At dyra får tjukk vinterpels og vert ekstra gode å kose med.
- Musikkglede.
- Å vere ein venn.
- Lyset om vinteren. Klart og vart.
- Ski og skøyter. Akebrett og spark.